

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dato	15/04/2024
Vår referanse	2023/64789-4
Dykkar referanse	2023/8032
Sakshandsamar	Birgit Tansøy
E-post	Birgit.Tansoy@vlfk.no
Telefon	90984022

Kulturminnefagleg merknad - Hestad landskapsvernområde - høyring av framlegg til forvaltningsplan

Vi viser til høyringa, datert 04.03.2024, framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde.

Vestland fylkeskommune er positiv til at det no er utarbeidd ein eigen forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde. Vi har nokre merknader til planen.

Vestland fylkeskommune er kulturmiljømynde for automatisk freda kulturminne etter kulturminneloven § 4 første ledd bokstav j. Det er òg fylkeskommunen som er kulturmiljømynde når det gjeld spørsmål om tiltak i omgjevnadane til kyrkja. Vi viser her til kyrkjerundskrivet, *Rundskriv Q-06/2020, Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*. Vi meiner det ville vere greitt om dette kom fram i planen under ansvar.

Alle graver og gravminne frå mellomalderen (inntil år 1537), enkeltvis eller samla på gravplassen, er automatisk freda, jf. kulturminneloven § 4 første ledd bokstav j. Dette gjeld òg innhengingar og andre anlegg frå mellomalder.

Området er mykje besøkt og vi er positiv at det no er laga ein eigen besøksstrategi for området. Når det gjeld rammeverk ved behov-avsnittet i dette vedlegget, kan det godt refererast til kulturminnelova, på tema som gjeld kulturminna, dvs dei automatisk freda kulturminna (mellomaldergrunnen og bautasteinen) og Hestad kapell som er listeført. Det er vidare bra at det er ynskje om å få sett ned fartsgrensa gjennom landskapsvernområdet slik at besøkande kan føle seg trygge når dei ferdast i området.

Vi er samde i avgrensinga av Hestad landskapsvernområde. Dersom mogleg ville det vere greitt å vise på kart i planen, avgrensinga av dei automatisk freda kulturminneområda òg.

I vedlegget om kartlegging av naturtypar er kyrkjegarden omtalt som semi-naturleg eng (figur 5). Truleg er det den gamle kyrkjegarden, som er freda, figur 5, som eigentleg skulle vore vist? Det kan vere greitt å skilje mellom den nye og den gamle kyrkjegarden i planen. Den nye kyrkjegarden er framleis i bruk, medan den gamle kyrkjegarden ikkje lenger er i aktivt bruk til gravlegging.

Mellomaldergravplasser eller enkeltgraver der det ikkje er gjennomført gravlegging etter 1945, skal i utgangspunktet bevarast urørt.

Til forskjell frå gravplassen som er i bruk på Hestad, så er ikkje terrenget til den gamle kyrkjegarden som ligg innanfor murane til kyrkja, jamna ut. I fotovedlegget saknar vi bilete av den gamle kyrkjegarden som viser det typiske og sjeldne ujamne kyrkjegarden, der gravene er synlege som haugar i terrenget. Vi legg ved nokre bilete her som illustrerer dette.

Det finst få slike kyrkjegardar att i Noreg.

Vegetasjonsskjøtsel innanfor og utanfor den gamle kyrkjegarden vil vere ulik. På den nye kyrkjegarden er det naturleg at graset er kort sidan gravplassen er i aktivt bruk. Ved den gamle kyrkjegarden, der det er freda mellomaldergrunn ville det vere best om blomsterenga kom fram att ved å ikkje slå graset før etter blomstringa, og fjerne det klipte graset etter frøinga. For å unngå problem med trakk, kan stien fram og rundt kyrkja, slåast oftare. Det bør utarbeidast ein eigen skjøtelsesplan som ivaretek vegetasjonsskjøtselen innanfor kyrkjegardsmuren og tørrmuren rundt den gamle kyrkjegarden.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Birgit Tansøy
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Bilete

Bilete av den gamle kyrkjegarden ved Hestad kapell

Foto: Birgit Tansøy







NVE
Norges vassdrags-
og energidirektorat

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 12.04.2024

Vår ref.: 202309653-6 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: 2023/8032

Uttalelse på høring av framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde - Sunnfjord kommune

Vi viser til høring av framlegg til forvaltningsplan for [Hestad landskapsvernområde](#).

NVE har sett gjennom meldingen for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

- Som tidligere nevnt i vår uttalelse på oppstartsmeldingen så er det innenfor området går en 22 kV nettløne gjennom området driftet av BKK AS. BKK AS er også områdekonsesjonær. Verneforskriften er ikke oppdatert med standard bestemmelser for energi- og kraftanlegg. Vi ber om å tilrettelegge for drift, vedlikehold og oppgradering av nettanlegg, og motorferdsel knyttet til det i forvaltningsplanen.
- **Vi ber også statsforvalter om å kontakte BKK AS slik at BKK AS kan uttale seg om behovet.**

Med hilsen

Alexander Tropé Stenhagen
Konsulent
Godkjent av Maria Sidelnikova
Seniorrådgiver

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakerliste:



Energidepartementet
BKK AS



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Innspel til forvaltningsplan Hestad landskapsvernområde

Formannskapet har i møte 19.04.2024 09:00 behandla sak 067/24 Innspel til forvaltningsplan Hestad landskapsvernområde», og der vart det gjort slikt vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at våre innspel til framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde vert vurdert i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen jf. saksutgreiing 04.04.2024.

Du kan klage på vedtaket til Sunnfjord kommune.

Klagefristen er 3 veker etter at du har fått melding om vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt den dagen fristen går ut.

Klagen skal vere underteikna og vise til vedtaket. Vidare skal du grunngje kvifor du klagar og elles vise til den/dei endringane du ønsker. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om det er klaga i rett tid, ber vi om at du oppgir kva tid denne meldinga kom fram.

Forvaltningslova kapittel VI § 28-32 klargjer rettar og plikter i samband med klage på einskildvedtak.

Med helsing

Solfrid Trå
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/24	Utvalet for oppvekst og kultur	17.04.2024
031/24	Utvalet for næring og miljø	17.04.2024
067/24	Formannskapet	19.04.2024

Innspel til forvaltningsplan Hestad landskapsvernområde

Vedtak i Formannskapet 19.04.2024:

Sunnfjord kommune ber om at våre innspel til framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde vert vurdert i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen jf. saksutgreiing 04.04.2024.

Innstilling frå Utvalet for næring og miljø 17.04.2024:

Sunnfjord kommune ber om at våre innspel til framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde vert vurdert i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen jf. saksutgreiing 04.04.2024.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at våre innspel til framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde vert vurdert i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen jf. saksutgreiing 04.04.2024

Bakgrunn for saka

Hestad landskapsvernområde vart oppretta ved kgl.res. 22.10.1971. Det vart laga ein skjøtselsplan for område i 1979, men verneområdet har ikkje hatt forvaltningsplan tidlegare. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt, og har sendt framlegg til forvaltningsplan på høyring.

Ein forvaltningsplan skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet, og avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området på bakgrunn av verneforskrifta. Føremålet med oppretting av Hestad landskapsvernområde er omtalt slik i verneforskrifta: «Føremålet er å verna det særmerkte i eit vakkert naturlandskap som ramme om eit kulturminne.»

Statsforvaltaren legg vekt på at prosessen med forvaltningsplan for landskapsvernområdet skal vere open og med høve til å kome med fråsegn for alle som ønskjer det. Det kan vere aktuelt å arrangere eit ope møte under høyringa av framlegget til forvaltningsplan.

Frist for innspel til framlegget til forvaltningsplanen er 1. mai. Statsforvaltar har planar om å få godkjent forvaltningsplanen før sommaren 2024.

Saksutgreiing

Forvaltningsplanar blir utarbeidde innanfor rammene i verneforskrift. Dei skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmaktene. Ein forvaltningsplan er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området på bakgrunn av verneforskrifta som gjeld i områda. Verneforskrift og grenser er såleis ikkje tema ved utarbeiding av forvaltningsplanar.

Det er store allmenne interesser knytt til landskapsvernområdet, samstundes som det er store natur- og kulturminneverdiar i området. Spesielt for Hestad landskapsvernområdet er Hestad kapell og kyrkjegarden som er eit automatisk freda kulturminne. Fv 610 går gjennom landskapsvernområdet, og det vart etablert ein rasteplass i regi av Nasjonal Turistveg i 2021. Område er mykje i bruk, særleg om sommaren på varme sommardagar med badeliv. Rett ved landskapsvernområdet i nord ligg Hestadgrend bedehus.

Kunnskapsgrunnlaget i landskapsvernområdet er godt når det gjeld naturmangfaldet, etter at Miljøfaglig Utredning gjennomførde ei artskartlegging i 2023 (rapport vedlagt forvaltningsplanen). Kunnskapen er også akseptabel med omsyn til bruk og skjøtsel i landskapsvernområdet.

Verneforskrifta for Hestad landskapsvernområde er frå 1971. Nytt sidan opprettinga i 1971 er naturmangfaldlova frå 2009, med ein generell dispensasjonsheimel, § 48 i naturmangfaldlova. Denne gjeld også for Hestad landskapsvernområde, og gjev etter Statsforvaltaren syn både tilstrekkeleg vern og naudsynt fleksibilitet for å få til ei god forvaltning av Hestad landskapsvernområde, saman med verneforskrifta frå 1971.

Landskapsvernområde er eigd av fleire offentlege etatar. Statsforvaltaren sendte 12.02.2024 på høyring eit framlegg til justerte grenser for Hestad landskapsvernområde. Framlegget til grenser inneber at Hestadgrend bedehus vert liggjande utanfor landskapsvernområdet, og at verneområdegrensene elles vert justert etter eigedomsgrenser. Sunnfjord kommune gav innspel der vi støtta justering av grenser. Framlegget til forvaltningsplan byggjer på grensene som er sendt på høyring 12.02.2024, og eit kart med nye grenser ligg som vedlegg til forvaltningsplanen.

Oppstartmelding for arbeidet med forvaltningsplan vart sendt 13.06.2023, og Sunnfjord kommune sende eitt administrativt innspel til oppstarten (vedlagt). Det kom seks innspel til oppstartmeldinga. Innspela er innarbeidde i framlegget til forvaltningsplan så langt det har late seg gjere i medhald av verneforskrifta.

Planen skildrar område og omtaler dagens bruk. Den peikar på ein del utfordringar med forvaltning av område, der dei viktigaste forvaltningsutfordringane som er trekt fram i forvaltningsplanen er:

- Skjøtsel av kulturlandskapet, rasteplassen (i regi av Nasjonal Turistveg) og gangveggar
- Stor ferdsel/besøk særleg om sommaren (gjeld bading/rekreasjon og besøk i Hestad kapell og bruk av rasteplassen til Nasjonal Turistveg) kombinert med stor trafikk og høg fartsgrense på Fv 610 (som er Nasjonal Turistveg). På enkelte (solrike og varme) dagar kan det vere så mykje som 50 bilar i området, mange av dei parkert langs Fv 610, mange born kjem på sykkel, og i alt så mykje som 100 menneske i området samstundes.
- Tryggleik for alle som ferdast i området pga. stor trafikk, særleg om sommaren, og høg fart (80 km/t er fartsgrensa gjennom landskapsvernområdet)
- Brannfaren, som kjem frå grilling på rasteplassen, bålbrekking og frå kraftlinja gjennom området
- Skjøtsel av kulturminne (Hestad kapell med gamal og ny kyrkjegard)

Planen listar opp retningslinjer for føresegner i verneforskrifta temavis i ein tabell; inngrep, friluftsliv, kulturminne, vegar og anna infrastruktur, besøksstrategi/reiseliv og anna. Kort omtale av dei ulike tema vil bli gjengjeve under, våre innspel til desse kjem under vurderinga.

1. Inngrep (Pkt. II a, b, c i verneforskrifta): Det er eit mål å unngå nye inngrep og unødige slitasje i landskapsvernområdet. Det går fram av verneforskrifta at hus, andre byggverk eller anlegg ikkje må førast opp, med unntak av eit lågt båtnaust for tidlegare eigar. Nye vegar eller luftleidningar må ikkje førast gjennom området og noverande veg og kraftline må ikkje utvidast. Graving etter grus og andre inngrep i terrenget er forbode, med unntak av sjølve kyrkjegarden. Det er viktig å unngå inngrep i trea i landskapsvernområdet. Søknader om nye inngrep i område skal handsamast etter § 48 i Naturmangfaldlova. Når det har vore tillate inngrep, har dette i hovudsak vore tilretteleggingstiltak for at bruk og ferdsel ikkje skal forringe området. Lyssetting av kapell og turvegar er ikkje ønskeleg. Det pågår ei sak om autovernet SVV sette opp i 2019 kan få stå, eller må takast vekk.
2. Friluftsliv (Pkt. II e i verneforskrifta): Friluftsliv i Hestad landskapsvernområde gjeld badeliv om sommaren og lette gåturar på gangvegane. Det er utfordring med trafikktryggleik for badande, sidan fylkesvegen ligg tett på, og har høg fartsgrense. Retningslinjene føreslår gangfelt over vegen mellom rasteplass og badestrand i nordenden for å betre trafikktryggleiken. Gangvegane må skjøttast kvart år for å ikkje gro att, og skal ha ein slik standard at rørslehemma kan bruke dei. Rasteplass med toalett, bord og benkar fungera godt. Det er ikkje tilrettelagt for og heller ikkje ønskeleg med bål eller grilling i område grunna brannfare. Statsforvaltaren vurderer at friluftaktivitetane slik dei føregår i dag, ikkje er til skade for verdiane i landskapsvernområdet. Det er ikkje ønskeleg eller behov for fleire tilretteleggingstiltak no.
3. Kulturminne (Pkt. II f i verneforskrifta): Landskapsvernområdet er oppretta for å ta vare den særmerkte og vakre naturen kring Hestad kapell som med kyrkjegarden er eit freda kulturminne. Hestad kapell har om lag 1000 besøk i året. Det vert arrangert gudsteneste 3-4 gongar i året, i tillegg er det ein del vigslar, dåp. Det har mykje å seie for opplevinga av landskapsvernområdet at kyrkjegarden er fint stelt og godt vedlikehalde. Dette har Fortidsminneforeininga ansvar for.
4. Vegar og anna infrastruktur (Pkt. II b i verneforskrifta): Trafikktryggleik er ei utfordring (som også nemnd i punkt 2). Statsforvaltar føreslår at fastgrensa vert sett ned til 50 eller 60 km/t. På store utfartsdagar med fint og varmt vær om sommaren er det ikkje nok P-plassar i nærleiken, og folk parkerer i vegkanten til Fv 610. Den største P-plassen i området er ved Hestadgrend bedehus og tek inntil 15 bilar. Den vetle P-plassen sør i området og som gjeld for kapellet, er for lita til å når det er arrangement i kapellet, og er berre eigna for bruk for av- og påstigning. Det bør ikkje vere parkering over natta på P-plassen ved bedehuset. Ideelt sett bør både Fv 610 og 22 kV kraftleidning leggjast utanom landskapsvernområdet ved høve.
5. Reiseliv/Besøksstrategi (Naturmangfaldlova § 48): Etableringa av Nasjonal Turistveg sin rasteplass er det viktigaste reiselivstiltaket i landskapsvernområdet, men den har også ført med seg auka besøk. Det er ikkje ønskeleg med overnatting i område, og Statsforvaltar føreslår parkeringsregulativ i samarbeid med kommunen og grendalaget. Utviding av parkeringsplassen ved bedehuset har betra forholda noko, men er forsatt for liten på store utfartsdagar.
6. Anna (Pkt. II d i verneforskrifta og Naturmangfaldlova):
 - a. Skjøtsel: Retningslinjene skildrar skjøtelsoppgåver og ansvarsfordeling av desse. Fortidsminneforeininga har ansvar for kapellet og kyrkjegarden. Hestadgrend grendalag skjøttar gangvegar mm, i samarbeid med Statsforvaltar. SVV har tilsyn, stell og vedlikehald av fylkesveg, rasteplass, inkludert toalett (i samarbeid med Vestland fylkeskommune sin vegadministrasjon).
 - b. Arrangement: Statsforvaltaren har ikkje registrert uheldig påverknad frå arrangement i landskapsvernområdet, og meiner desse kan halde fram som før. Arrangement i Hestad landskapsvernområde er tillate så lenge dette ikkje går utover verneverdiane.
 - c. Informasjon: Område har informasjonstavler, men det er behov for å oppdatere enkelte av desse.

- d. Inngrep i område rundt landskapsvernområde: Hestad landskapsvernområde er lite. Nye inngrep og anlegg i nærleiken av området kan ha stor visuell påverknad på natur- og kulturverdiene her, noko Sunnfjord kommune og Statsforvaltaren bør vere merksame på.

Vurdering

Forvaltningsplanen er oversiktleg og skildrar område godt. Ein del av tema og utfordringar vert nemnd fleire gonger i planen, og vert gjenteke under fleire punkt, andre gonger ikkje. T.d. dette med trafikale utfordringar. Ein kunne med fordel skrive noko meir kortfatta i tabellen, ta vekk skildring av dagens bruk i sjølve tabellen, samt nemne utfordringa ein plass, og vise til denne under dei andre tema.

Under vil Sunnfjord kommune kommentere tema der vi har innspel:

1. Inngrep (Pkt. II a, b, c i verneforskrifta):

- a. Kommunen sende innspel til oppstartsmeldinga, der vi spurte om kajakkstativ eller andre enkle tiltak for friluftslivet kjem inn under § II a i verneforskrifta. Etter Statsforvaltar sitt syn er det ikkje heimel for å gi løyve til friluftstiltak som oppsetting av kajakkstativ eller liknande etter pkt. II a i verneforskrifta. Ein eventuell søknad må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova og såleis ikkje stride mot formålet, noko det truleg vil gjere. skriv dei. Grunna trafikale utfordringar i område, støttar vi vurderinga til Statsforvaltar at det ikkje er ønskeleg med fleire tilretteleggingstiltak for friluftslivet som kan føre til auka besøk om sommaren.
- b. Kommunen gav også innspel om at forvaltningsplanen bør gje føringar for vedlikehald og oppgradering av eksisterande anlegg, t.d. kraftlinjer. Vi kan ikkje sjå at forvaltningsplanen gir føringar, men den nemner at kraftlinjer bør leggest i kabel ved høve. Kommunen gjentek av den grunn innspelet vårt, at forvaltningsplanen bør gi meir klare føringar for vedlikehald og oppgradering av eksisterande anlegg.

2. Friluftsliv (Pkt. II e i verneforskrifta): Retningslinjene foreslår å etablere gangfelt for å auke trafiktryggleik mellom badestrand og rasteplass. Kommunedirektøren tilrår ikkje dette dersom fartsgrensa ikkje vert endra. Gangfelt kan vera med å skape meir trafikkkfare i ei 80 sone, sidan folk på denne måten kan bli mindre merksame. Vi syner elles til merknader i høve friluftsliv under punkt 1.

3. Kulturminne (Pkt. II f i verneforskrifta): Kulturmiljøplanen til Sunnfjord kommune vart vedteke i 2023., og omtalar Hestad kapell og landskapsvernområde. Handlingsdelen i kulturmiljøplanen har fleire tiltak for kapellet og område, som bør nemnast i forvaltningsplanen:

- a. Få installert eit operativt anlegg som straks sløkker tilløp til brann.
- b. Knyte landskapet rundt og historia sterkare til kulturminnet og legge til rette for at eigeidomen og omgjevnadane rundt blir ei læringsarena for berekraft.
- c. Legge til rette for og gjennomføre skulebesøk med kulturminne og turar i kulturløypene.
- d. Legge inn aktivitetar knytta til historiske handlingar ved årlege kulturminnedagar.
- e. Tilrettelegge for og ta i bruk i endå større grad historisk/ pilgrimsrute over fjellet frå Markeset i Høyanger kommune gjennom Bruraskaret til Hestad Kapell.

4. Vegar og anna infrastruktur (Pkt. II b i verneforskrifta): Kommunedirektøren støttar Statsforvaltaren sine vurderingar. Vi syner elles til merknader i høve infrastruktur under punkt 1 og 2.

5. Reiseliv/Besøksstrategi (Naturmangfaldlova § 48): Kommunedirektøren støttar Statsforvaltaren sine retningslinjer og besøksstrategi, og synes det er positivt at det vart

lage ein besøksstrategi i samband med forvaltningsplanen. Både retningslinjene og besøksstrategi er litt svak i forhold til trafikkutfordringar og parkering. Vi forstår at dette er ei utfordring som ikkje er lett å løyse, og at det krevst samarbeid med fleire aktørar for å få til gode løysingar. Vi er samd i at det ikkje er ønskeleg med parkering over natta ved Hestad bedehus. Besøksstrategien nemner at parkeringsregulativ skal utarbeidast i samarbeid med kommunen. Sunnfjord kommunen har ikkje noko eigarskap til korkje fylkesvegen eller parkeringsplassen, og vil gjerne ha tilbakemelding på kva bidra som er ønskeleg frå kommunen i høve parkeringsregulativ.

6. Anna (Pkt. II d i verneforskrifta og Naturmangfaldlova):

- a. Skjøtsel: Kommunedirektøren vil gjere merksam på at Sunnfjord kommune har ansvar for den tekniske delen av toalettet (vassforsyning og slamhandtering). Delar av landskapsområde er som nemnd utsett for flaum, og toalettet er bygd på pålar. Det er viktig at skilt og informasjonstavler vert bolta fast og er i materiale som toler vatn. Dette kan med fordel nemnast i forvaltningsplanen.
- b. Arrangement: Kommunedirektøren gjer merksam på at handlingsdelen til Kulturmiljøplanen til Sunnfjord kommune legg opp til noko meir besøk og arrangement i område
- c. Informasjon: Ingen merknader
- d. Inngrep i område rundt: Områda rundt landskapsvernområde har formåla LNF. Sjølve landskapsvernområde har fått omsynssone landskap, bandlegging naturvern, bandlegging kulturminne (kapellet) i framlegg til kommuneplanen sin arealdel.

Sunnfjord kommune ønsker at det vert arrangert eitt ope innspelsmøte, og føreslår at dette vert arrangert i Hestad bedehus i april/mai 2024.

Oppsummering:

Sunnfjord kommune ber om at våre innspel til framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde vert vurdert i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen.

Førde, den 25.03.2024

Terje Heggheim kommunedirektør	Anita Nordheim kommunalsjef
-----------------------------------	--------------------------------

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Formannskapet 19.04.2024:

Avstemming:

Utvalet for næring og miljø si innstilling vart **einstemmig vedteke**

FORM-067/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at våre innspel til framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde vert vurdert i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen jf. saksutgreiing 04.04.2024.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 17.04.2024:

Solfrid Trå, saksbehandlar, innleia med ei kort orientering av saka.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UNM-031/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at våre innspel til framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde vert vurdert i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen jf. saksutgreiing 04.04.2024.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 17.04.2024:**Avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart **samrøystes tilrådd**

UOK-020/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at våre innspel til framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde vert vurdert i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen jf. saksutgreiing 04.04.2024

Vedlegg i saka:

Hestad landskapsvernområde - høyring av framlegg til forvaltningsplan
Verneforskrift Hestad landskapsvernområde 22 10 1971 + naturmangfoldlov 48
Kart grunnlag for kgl res 22 10 1971 - datert Kommunaldep 1969
MU2024-5 Basiskartlegging av Hestad LVO i Indre Sunnfjord (003)
Forvaltningsplan for Hestad lvo - fotovedlegg
Enkel besøksstrategi for Hestad landskapsvernområde mars 2024
Hestad lvo (VV00000577) - forvaltningsplan på høyring mars 2024
Hestad LVO høyringskart 2024
Hestad landskapsvernområde - innspel frå Sunnfjord kommune til arbeidet med forvaltningsplan



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Tilleggsuttale forvaltningsplan Hestad LVO

Formannskapet har i møte 06.06.2024 09:00 behandla sak 117/24 Tilleggsuttale forvaltningsplan Hestad LVO », og der vart det gjort slikt vedtak:

Formannskapet tilrår at fartsgrensa gjennom Hestad landskapsvernområde vert redusert frå 80 km/t til 40 km/t. Dette kan gjerne kombinerast med gangfelt.

Du kan klage på vedtaket til Sunnfjord kommune.

Klagefristen er 3 veker etter at du har fått melding om vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt den dagen fristen går ut.

Klagen skal vere underteikna og vise til vedtaket. Vidare skal du grunngje kvifor du klagar og elles vise til den/dei endringane du ønsker. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om det er klaga i rett tid, ber vi om at du oppgir kva tid denne meldinga kom fram.

Forvaltningslova kapittel VI § 28-32 klargjer rettar og plikter i samband med klage på einskildvedtak.

Med helsing

Solfrid Trå
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Tom Dybwad



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/24	Utvalet for næring og miljø	05.06.2024
117/24	Formannskapet	06.06.2024

Tilleggsuttale forvaltningsplan Hestad LVO

Vedtak i Formannskapet 06.06.2024:

Formannskapet tilrår at fartsgrensa gjennom Hestad landskapsvernområde vert redusert frå 80 km/t til 40 km/t. Dette kan gjerne kombinerast med gangfelt.

Innstilling frå Utvalet for næring og miljø 05.06.2024:

Kommunedirektøren tilrår at fartsgrensa gjennom Hestad landskapsvernområde vert redusert frå 80 km/t til 40 km/t. Dette kan gjerne kombinerast med gangfelt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at fartsgrensa gjennom Hestad landskapsvernområde vert redusert frå 80 km/t til 40 km/t. Dette kan gjerne kombinerast med gangfelt, fartsdump ved rasteplassen og ved kapellet.

Bakgrunn for saka

Formannskapet gav uttale til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde 19.04.2024, sak 067/24.

Den 7. mai inviterte Statsforvaltar til ope møte om forvaltningsplanen. Referat frå møte er vedlagt saka. På møte fekk vi meir informasjon om enkelte utfordringar for område. Dette gjeld spesielt utfordringane knytt til fartsgrensa på 80 km/t gjennom landskapsvernområde. På bakgrunn av nye moment tatt opp i møte, vil Sunnfjord kommune gje ein tilleggsuttale til arbeidet med forvaltningsplanen.

For andre tema, syner vi til uttale i sak 067/24.

Saksutgreiing

Då vi gav uttale i april, var vi ikkje nok merksame på ringverknadane knytt til fartsgrensa på 80 km/t gjennom område. Sunnfjord kommune var i uttalen (067/24) samde i tilråding frå Statsforvaltar om at fartsgrensa bør setjast ned, men vi vil likevel gje ein tilleggsuttale for å tydeleggjere behovet for dette.


I møtet vart det ytra ønske frå dei frammøtte om at fartsgrensa bør reduserast til 40/50 km/t. Dersom det er naudsynt med fartsgrense på 40 km/t for å få fjerna autovernet, må grensa setjast slik. Det er aktuelt med fartsdump både ved kapellet og i nord ved rasteplassen der folk badar i Hestadfjorden.

Vurdering

Landskapsvernområdet vert brukt til bading, rekreasjon og til å oppleve Hestad kapell og kyrkjegarden. Den eldste delen av kyrkjegarden ligg berre 2 meter unna vegen, og sjølve kapellet er knappe 7 meter frå vegkroppen. Hestad kapell og kyrkjegarden er eitt av våre viktigaste kulturminne, og kommunen ønsker at dei besøkande skal ha gode opplevingar knytt til å besøke kapellet, og at trafikktryggleiken vert ivareteken. Kulturavdelinga i fylkeskommunen er også oppteken av dette i si fråsegn til forvaltningsplanen, denne er vedlagt saka.

Etter kommunedirektøren si vurdering vil ei fartsgrense på 40 km/t gje gode ringverknader for trafikktryggleik, kulturminne- og landskapsopplevinga i området. Dersom farten vert redusert, er kommunedirektørne også positiv til gangfelt ved rasteplassen. Ei lågare fartsgrense vil ta vekk behov for autovernet ved kapellet. Fjerning av autovern kombinert med lågare fart vil etter kommunedirektøren si vurdering auke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar i stor grad, samt betre landskapsopplevinga og opplevinga knytt til Hestad kapell.

Kommunedirektøren tilrår av ovannemnde grunnar at fartsgrensa vert sett ned til 40 km/t på strekninga. Dette kan gjerne kombinerast med gangfelt, fartsdump ved rasteplassen og ved kapellet.



Førde, den 09.05.2024

Terje Heggheim kommunedirektør	Anita Nordheim kommunalsjef

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg , fremja av Marius Langballe Dalin (MDG):

Formannskapet tilrår at fartsgrensa gjennom Hestad landskapsvernområde vert redusert frå 80 km/t til 40 km/t. Dette kan gjerne kombinerast med gangfelt, fartsdump ved rasteplassen og ved kapellet

Alternativ avstemming:

Utvalet for næring og miljø si tilråding fekk 9 stemmer og **vart vedteke**
MDG sitt framlegg fekk 2 stemmer (MDG, SV) og **fall**

FORM-117/24 Vedtak:

Formannskapet tilrår at fartsgrensa gjennom Hestad landskapsvernområde vert redusert frå 80 km/t til 40 km/t. Dette kan gjerne kombinerast med gangfelt.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 05.06.2024:

Endring på kommunedirektøren sitt framlegg., fremja av Erlend Brede Fossen (Sp):
siste del av forslag til vedtak vert stroke. Det vert sett punktum etter gangfelt. Fartsdumar utgår.

Avrøysting:

Sp sitt framlegg til endring vart **einstemmig tilrådd**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endring frå SP vart **einstemmig tilrådd**

UNM-050/24 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at fartsgrensa gjennom Hestad landskapsvernområde vert redusert frå 80 km/t til 40 km/t. Dette kan gjerne kombinerast med gangfelt.

Vedlegg i saka:

Hestad landskapsvernområde - fråsegn VLFK til høyring av framlegg til forvaltningsplan.pdf

Hestad - presentasjon ope møte 07 05 2024 pdf

Hestad landskapsvernområde - referat frå ope møte om forvaltningsplanen 07.05.2024

Statsforvalteren i Vestland
tom.dybwad@statsforvalteren.no

Deres ref.: 2023/8032
Vår ref.:

Dato: 14.05.2024

Merknader til høring av framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde

BKK AS (heretter benevnt BKK) viser til høring av framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde i Sunnfjord kommune.

BKK viser også til e-post fra Statsforvalteren av 24.04.2024, der det fremgår at BKK, som følge av at BKK ikke stod på mottakerlisten for høringsbrevet, har fått utsatt frist til å sende høringsmerknader til 15. mai.

BKK har etter energiloven § 3-2 områdekonsesjon i Sunnfjord kommune. Dette innebærer at vi etablerer og drifter strømmettet i kommunen (høyspennings- og lavspennings distribusjonsnett). I tillegg har BKK overføringsanlegg og transformatorstasjoner som er bygget og drives i medhold av anleggskonsesjoner med hjemmel i energiloven § 3-1.

På denne bakgrunn gjør vi oppmerksom på at det i dette landskapsvernområdet må tas høyde for de anlegg som det er nødvendig for oss å etablere og drifte.

Distribusjonsnett for strøm

Innenfor det aktuelle planområdet berøres BKKs distribusjonsnett. Anlegg under 24 kV inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi og er bygget i medhold av områdekonsesjon (jf. energiloven § 3-2). Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas, ettersom anleggene er nødvendige komponenter i den lokale strømforsyningen.

Særskilt om eksisterende høyspenningsluftledning

Høyspenningsluftledningen som krysser innenfor planområdet, har et byggeforbudsbelte på totalt 16 meter, 8,0 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter.

Høyspenningsluftledningen er en avgreningslinje som har startpunkt ved Kyrkjelia og går nordover/nordvestover mot området Kjelstad. Dagens luftledning ble etablert på starten av 1960-talet, og den ble fornyet så sent som på midten av 1990-talet. Teknisk restlevetid er sannsynligvis minimum 20 år, og reinvesteringstidspunkt vil være avhengig av løpende tilstandsvurdering.

Det vil alltid være en viss risiko for brann i nærheten av høyspentledninger, men det må presiseres at belastningen på avgreningslinjen er lav, så linjetemperaturen er dermed også lav.

BKK må ha anledning til drift og vedlikehold av høyspentledningen. Det må ryddes skog ved behov innenfor ryddebeltet, og maskiner og biler må ha adkomst til ledningen alt etter behov m.m. Behovet for å holde vegetasjon på avstand fra ledningen følger av bl.a. Forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Ved havari eller andre behov for reparasjoner må komponenter, herunder master, kunne fornyes 1:1.

BKK har ikke en konkret plan for å legge om nettløsningen i dette området. Framtidig omlegging til kabel i Hestadfjorden kan være et aktuelt alternativ når det oppstår behov for reinvestering av luftledningen, men BKK kan ikke på nåværende tidspunkt gi noen garanti for at dette blir gjort. Det må presiseres at BKK som monopolselskap, med områdekonsesjon etter energiloven § 3-2, ikke har anledning til å flytte eller erstatte luftledningen med kabel så lenge det ikke er nødvendig av hensyn til nettet (f.eks. dersom ledningen er

gammel og trenger fornying). Flytting eller erstatning på annet grunnlag fordrer ekstern kostnadsdekning, hvilket følger av energilovforskriften.

BKK støtter for øvrig NVE sin uttalelse datert 12.04.2024.

Inntegning på plankart

Vi gjør oppmerksom på at traséer for kabelanlegg i bakken ikke må inntegnes i plankartet. Vi viser i denne sammenheng til Forskrift om sikkerhet og beredskap i kraftforsyningen § 6-2 og NVEs *Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen*, pkt. 6.2.5. Til orientering så har BKK en lavspentkabel i vernområdet som forsyner Hestad kapell med strøm.

Kontaktinformasjon

Vennligst ta kontakt dersom det skulle være spørsmål om våre anlegg i landskapsvernområdet. Vår kontaktperson er: Gaute Roska, gaute.roska@bkk.no, tlf. 41 42 20 36.

Vennlig hilsen
BKK AS

Kraftsensitiv informasjon.

Underlagt taushetsplikt etter energilova § 9-3 jf kbf § 6-2.

Unntak frå innsyn etter offentleglova § 13.





«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Hestad landskapsvernområde - referat frå ope møte om forvaltningsplanen 07.05.2024

Vi takkar for eit godt møte 7. mai i år om forvaltningsplanen for Hestad landskapsvernområde. Under følgjer eit referat frå møtet. Vi legg også ved presentasjonen som Tom Dybwad viste i starten av møtet.

Til stades:

Anita Nordheim, Sunnfjord kommune, kommunalsjef kultur og idrett

Solfrid Trå, Sunnfjord kommune, rådgjevar friluftsliv

Anne-Grete N. Rognsøy, Sunnfjord kommune, einingsleiar idrett og friluftsliv

Kjell Hestad, grunneigar aust for Hestad lvo

Joar Aarnes, leiar Hestadgrend bedehus

Ingunn Kjelstad, leiar Hestadgrend grendalag

Arild Horsevik, Sunnfjord Ap

Arne Kirkeli, tidlegare tilsynshavar Hestad kapell

Johannes Anonby, Statsforvaltaren i Vestland

Tom Dybwad, Statsforvaltaren i Vestland

Saksliste:

1. Velkomen til møte. Presentasjonsrunde
2. Tom Dybwad orienterte om arbeidet med forvaltningsplanen og viktige punkt i denne. Sjå vedlegg
3. Spørsmål og diskusjon

Tema som var oppe til diskusjon:

Brannfaren i området. Det er aukande merksemd omkring fare for brann i landskapsvernområdet og at brann vil setje Hestad kapell i fare. Det er difor naudsynt å unngå open eld og grilling i området. Det bør kome opp skilt om bålforbod, og dette må nemnast på infoplakat. Den gamle bålplassen ved Viksdalsvatnet skal ikkje brukast meir, og kvist og anna rask skal køyrast vekk. Det vart teke opp at det trengst også å få installert eit operativt sprinkelanlegg i Hestad kapell, som



automatisk vil sløkkje eventuelle tilløp til brann. (Sunnfjord kommune opplyser etter møtet at behovet for anlegg som straks sløkkjer eventuelle tilløp til brann ligg inne som eit tiltak i kulturmiljøplanen for Sunnfjord kommune 2023 – 2030. Det er ikkje peika på kven som skal ta ansvar for dette og korleis dette kan finansierast i kulturmiljøplanen.)

Kraftlinja (22 kV) gjennom området: Denne utgjer også ein brannfare. Landskapsestetisk vil det vere ei føremon om linja vert fjerna og lagd i kabel. Det er trafo på både sider av vatnet, slik at det vil vere enkelt å leggje kabel i Hestadfjorden frå trafo til trafo, kanskje ca. 1000 meter lengde. Statsforvaltaren vil ta kontakt med BKK som eigar av 22 kV-linja for å høyre det er aktuelt å leggje linja i kabel her. Dersom BKK finn dei vil gå vidare med kabel, kan det vere at Statsforvaltaren bed om midlar over tiltaksbudsjettet for å kunne bidra med noko midlar for å få lagt linja i kabel, sjølv om dette er BKK sitt ansvarsområde.

Bubilovernatting: Det kjem bubilar som står over natta på P-plassen ved bedehuset. P-plassen er meint for parkering ved besøk om dagen, ikkje overnatting. Bubilar tek også gjerne i bruk grill, og dette kan utgjere ein brannfare. Det er ønskeleg med eit skilt om at parkering mellom kl 22 og 07 er forbode. Bedehuset, som er eigar av P-plassen, ønskjer eit slikt parkeringsforbod om natta, men er usikre på korleis ein skal gå fram for å følgje opp dette.

Autovern og fartsgrense gjennom landskapsvernområdet: Møtelyden vil både ha nedsett fartsgrense gjennom landskapsvernområdet til 40/50 km/t og at det ulovleg oppsette autovernet vert fjerna. Johannes Anonby og Tom Dybwad fortalde om historikken frå 1981 og fram til kor saka står i dag, sist møte med Vegdirektoratet i 2024. Dersom det er naudsynt med fartsgrense på 40 km/t for å få fjerna autovernet, må grensa setjast slik i følgje møtelyden. Det er aktuelt med fartsdump både ved kapellet og i nord ved rasteplassen der folk badar i Hestadfjorden. Det var spørsmål om det bør vere gangfelt ved rasteplassen. På synfaring ved kapellet såg vi på dei gamle, svært spesielle og verdfulle gravstadene som ligg 1,5-2 meter frå Fv 610. Risting i vegen når tunge køyretøy passerer vil øydeleggje steinmurane på sikt, og jo større fart jo større ristingar i grunnen, og dermed også utgjere ein fare for dei gamle gravplassane mellom kapellet og fylkesvegen. Kulturavdelinga i fylkeskommunen er oppteken av dette i si fråsegn til forvaltningsplanen. Trafikkfaren for gåande, som det er mange av særleg om sommaren, er større når det er eit autovern på den eine sida. Fleire tok til orde for at Statsforvaltaren må gi klar beskjed om at autovernet må fjernast. Om sommaren er trafikkfaren ekstra stor, når det parkerer bilar i meir enn 100 meters lengde på både sider av vegen. Dette skjer når P-plassen ved bedehuset allereie er full av bilar.

Informasjonsplakat: Det var semje om at sjølv om Nasjonale Turistveggar har laga gode og informative plakatar, bør det setjast opp ei ny informasjonstavle som erstattar dei to gamle som står der i dag ved rasteplassen. Her må det informerast både om kapellet, om fiske, bålforbod og om camping/teltforbod.

Plassering av privat båt og naust: På synfaring såg vi på staden der grunneigar har rett til og har liggjande ein båt gjennom sommaren. Staden er brukbart skjerma. Dersom eigaren søker om naust, vil ein vurdere plassering her eller nærare sundet brua i sør.

Skjøtselsplan for kyrkjegarden: Både Miljøfaglig Utredning og Vestland fylkeskommune meiner at kyrkjegarden er godt stelt. Fylkeskommunen har i si høyringsfråsegn spelt inn at det bør lagast ein skjøtselsplan for kyrkjegarden, som også omfattar grunder, steinmurar og steinportar. Ein skjøtselsplan her vil vere Fortidsminneforeningen og fylkeskommunen (kulturavdelinga) sitt ansvar, men Statsforvaltaren vil kunne be om nokre midlar til dette arbeidet.



Det blei nemnt at søppelkassane som Nasjonal Turistveg har sett opp, er utforma slik at fuglar kan få tak i boss og spreie bossen utover. Det skjer nokre gongar i året.

4. Synfaring

Vi tok ei felles synfaring på alle dei aktuelle problemstillingane som er drøfta i punkt 3.

5. Eventuelt: Ingen merknader.

Med helsing

Johannes Anonby
Seniorrådgjevar

Tom Dybwad
prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE KULTUR IDRETT OG INKLUDERING	Postboks 173	6801	FØRDE
Fortidsminneforeningen v/Åshild Seljesæter		6973	OSLO

Mottakerliste:

Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Hestadgrend grendalag	Viksdalsvegen 738		
Hestadbrend bedehus	Hestadfjordvegen 435	6973	SANDE I SUNNFJORD
Arne Kirkeli		6973	SANDE I SUNNFJORD
Kjell Hestad		6973	SANDE I SUNNFJORD
Arild Horsevik	Hestadfjordvegen 80	6973	SANDE I SUNNFJORD

